

SAFFA -ÅRSMELDING

Arsmøte 2014 Kjeller

Tillitsvalde i meldingsåret:

Nils Seland (styreleiar)

Styremedlemmer:

Tone Eidsvold

Vidar Wien-Andresen

Torgeir Melien

Marianne Tomasgård

Varamedlemmer til styret:

Grete B. Skrebergene

Tor Skauli

Revisorar:

Mareno Enoksen, Ove Aastorp.

Bente Fredheim er engasjert som kasserar utanom styret.

Årsmeldinga og rekneskapan dekkjer perioden 1. mars 2014 til utgangen av februar 2015.

Akershus musikkråd (AMR)

SAFFA har lenge hatt eit tett og konstruktivt samarbeid med AMR. Vidar Wien-Andresen er SAFFA sin representant i styret.

Bygda dansar 2014-2017

Eit prosjekt som er styrt frå Rådet for folkemusikk og folkedans (RFF) i Trondheim og som har scenisk framføring av lokal folkedans som eit hovudfokus. Prosjektet, som tek sikte på å rekruttera ungdom frå vidaregåande skole hadde oppstart i 2014 og går over tre år. Styret har hatt drøftingar med RFF om korleis den lokale involveringa skal organiserast for å gi optimal effekt i miljøet i det vidare arbeidet vårt. Bygda dansar hadde ei samling under Sørmarkakurset januar 2015.

Epostlista, saffa.no og FB

Heimesida vår, saffa.no har i meldingsåret hatt 60 877 treff frå søkemotorar , 176 401 frå besøkande og 6 807 unike besøkande. Epostlista har pr. april 2015 ca 600 adresser og blir flittig brukt av laga. <https://www.facebook.com/pages/Saffa/229133293816544>

Olav Sæta konkluderer med:

«Vi har funnet belegg for et repertoar av eldre bygdemusikk og -dans, gammeldans og turdans som er helt på linje med de kjente folkemusikkdistriktene Østerdalen og Gudbrandsdalen m.fl. At vi finner sammenheng med f.eks. Østerdalen også når det gjelder enkelte slatter, tyder på at Romerikes folkemusikktradisjoner var naturlig knyttet til de vi finner lenger nordover på Østlandet.»



Olav Sæta var tilsett ved Universitetet i Oslo og gjorde registreringsarbeid med støtte frå Akershus fylkeskommune 1981

Gamle Hvamsdagen 24/8

Musikkgrupper og danselag fra SAFFA stilte med program:

1. Grappa "Styggen på Låven"
2. Solveien spellmannslag/Feleboga
3. Springar'n (Musikk De frilynde)
4. Dans med barn/familie (Musikk De frilynde)
5. Leikarringen Peer Gynt (Musikk De frilynde)
6. "Vanitas Juveler" med orientalsk inspirert dans.
7. Leikarringen Rakne
8. Ullensaker spelemannslag spela opp til dans for alle.

Grete B. Skrebergene var programleiar
Det var ca 1100 betalende gjester på museet denne flotte augustdagen.



Samarbeid med Oslokapleiken på Riksscenen i Oslo

SAFFA var samarbeidspartner med Laget for folkemusikk i Oslo under Oslokapleiken og dugnadsspel til dans under lørdagsarrangementet.

SAFFA formidla musikk til foajeen under Meisterkonserten i Operaen i november. Det var Bærum spelemannslag som tok oppdraget.

Samarbeid med Follo museum, Drøbak

Barnas dag er blitt eit fast samarbeidsprosjekt - vanlegvis første søndag i juni. Fleire lag deltok med musikk og dans frå den nye danseplattingen. Tone Eidsvold leia programmet for SAFFA.

Først i september er det fast huskonsert i Børsum-bygningen med lokal folkemusikk - i meldingsåret med gruppene Saaner salongorkester og De frilynde.

SAFFA har kontakt med Valdres Folkemuseum om utstillinga "Folk og nasjon" med tanke på å få finansiert ei digitalisering av stoffet. Dette vil letta distribusjonen og auka bruken.

Folkedanskafé Ås

Tiltaket er vidareført av Folkedanslaget Springar'n med bidrag frå lokale musikkgrupper.

Notehefter

Det er til nå gitt ut fem hefter i serien med lokal folkemusikk frå Akershus.

Rytimestudie til springdans-heftet

Vegar Vårdal har, på oppdrag frå SAFFA spela inn slåttane i dette heftet i ulike rytmevariantar til hjelp i sjølvstudium. Slåttane er å finna på <https://soundcloud.com/saffa-7>.

Sørmarkakurset 10. og 11. januar 2015

Musikkursa:

SAFFA har gjennom det siste året fått på plass fem temahefter med noter og besifring til ulike kategoriar lokal folkemusikk. To av desse hefta blei presentert gjennom kurs på Sørmarka i januar:

Runddansmusikk frå Romerike.

Instruktør var Irene Tillung. (hefte nr. 4 var ein del av kursmateriellet)

Gamle springdans- og hallingslåttar frå Akershus-området

Instruktørar er Mats Berglund og Elise Tegnér. (hefte nr. 3 var ein del av kursmateriellet)

Rørspols

Instruktør Rolf J. Feragen og Mari Eggen. (Trekkspel og fele)

Nyckelharpe

Begynnerkurs med Trine Melby

Dansekurset:

Pols i østerdalstradisjon og runddansvariantar. Instr.: Solveig B. Hauknes og Ole Nilssen. Spelemann er Torfinn Hofstad.

Turdansar frå regionen. Instr.: Tone Eidsvold

Finnskogpols. Instruktørar Audun Grüner-Hegge og Anbjørg Myhra Bergwitz.

Barnekurs: (lørdag) Felekurs med Kjerringrokk/Feler i fleng

Instruktørkurs med Marianne Dahl

Samling for ressurspersonar i Bygda dansar. Lørdag

Seminar om akershusspringdansen (søndag)

Andre tiltak

Rådet for folkemusikk og folkedans (RFF) i Trondheim har hatt ei arbeidsgruppe til å sjå på arkivsituasjonen for folkemusikken. Dei har foreslått at Akershus og Østfold nå bør samarbeida om å få eit bemanna arkiv. Dette kan vera ei "brikke" i arbeidet med å få ein fast fagperson for vårt felt ved Fylkesbiblioteket/Akershus musikkråd. I løpet av 2015 skal det lagast ny kulturplan for fylkeskommunen. Her vil SAFFA og Musikkrådet jobba aktivt for å fremja tanken om fast sekretariat.

Marianne Tomasgård og Nils Seland deltok på Kulturrådet sitt seminar om Immateriell kulturarv i meldingsåret. RFF er ein ressurs i dette arbeidet.

Prosjektilskot:

1. Kulturrådet har løyvd kr. 135.000,- til arbeid med lokal folkemusikk og folkedans. Marianne Tomasgård har vore sentral prosjektmedarbeidar her. Prosjektet er rapportert til Kulturrådet 1. april 2015. Heile stønaden er inntektsført, men utbetaling av restløyvinga vil skje i vår. Ein del kostnader i prosjektet vil først bli bokført i 2015-rekneskapen.

I regi av prosjektet har Tone Eidsvold og Marianne Tomasgård vore på studiereise til RFF i Trondheim, og det er laga eit hefte nr. 5 i serien med lokal folkemusikk. Også her er det den gamle bygdedansmusikken som blir presentert.

2. Rådet for folkemusikk og folkedans har løyvd 30 000 kroner til lokalt arbeid. Arbeidet fell saman med kulturrådsprosjektet. Denne summen er bokført og innbetalt i rekneskapen for 2014.

Medlemmer i SAFFA:

- Saaner salongorkester, Follo (ny)
- Follo Gammeldans Ensemble (nedlagt)